



Årstein Løland
plan- og utviklingssjef
Til oppfølging

Dato: 07.02.2014
Vår ref.: 14/106-6/K2-S11//BVG
Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no
Saksbeh. tlf.: 51 700 108
Dykkar ref.:
Att:

Melding om vedtak

Prinsippavklaringar i samband med kraftprosjekter i Songesand.

Kommunestyret behandla saka i møte den 6. februar 2014, og følgjande vedtak blei gjort:

Forsand kommune går i forhandlingar med Småkraft om utbygging av fallrettane som kommunen eig, i henhold til forslag frå Småkraft punkt 4.1. Leigemodell.

Formannskapet får fullmakt til å gjennomføra forhandlingane, og legg resultatet fram for kommunestyret til godkjenning.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
003/14	Kommunestyret	06.02.2014

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K2-S11	Årstein Løland	14/106 - 3 14/658

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.01.2014	Songesand Melding Brosjyre 131002.pdf	86705
28.01.2014	Dalåna og Nordåna, brosjyre Småkraft.pdf	86704
28.01.2014	Lyse, overføring Dalåna. Brosjyre.pdf	86703
28.01.2014	Tilbud om samarbeid kraftutbygging i Skurvedalsåna	86707

Prinsippavklaringar i samband med kraftprosjekter i Songesand.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Behandling i Kommunestyret 06.02.2014

Det blei satt fram følgjande fellesforslag frå Krf og Høyre.

Forslag til vedtak.

Forsand kommune går i forhandlingar med Småkraft om utbygging av fallrettane som kommunen eig, i henhold til forslag frå Småkraft punkt 4.1. Leigemodell.

Formannskapet får fullmakt til å gjennomføra forhandlingane, og legg resultatet fram for kommunestyret til godkjenning.

Fellesforslaget blei samrøystes vedtatt.

KS-003/14 Vedtak:

Forsand kommune går i forhandlingar med Småkraft om utbygging av fallrettane som kommunen eig, i henhold til forslag frå Småkraft punkt 4.1. Leigemodell.

Formannskapet får fullmakt til å gjennomføra forhandlingane, og legg resultatet fram for kommunestyret til godkjenning.

Forsand den 7. februar 2014

Bodil Vika Gjesteland
Politisk sekretær

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	10.01.2014	Småkraft AS	Tilbud om samarbeid kraftutbygging i Skurvedalsåna
1	I	28.01.2014	Forsand Elverk KF	Prinsippavklaringar i samband med kraftprosjekter i Songesand.

Anna		
Utval	Høyring	Behandling
Ungdomsråd		
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

Samandrag

Følgjande fire kraftprosjekt er under førebuing/behandling i Songesand:

Lyse Produksjon – overføring av vatn frå Dalaåna til Lyngsvatn – auka kraftproduksjon i nye Lysebotn kraftverk med 21 GWh. Prosjektet er konsesjonssøkt, men vert ikkje nærare omtala her då det ikkje inngår i dei vurderingar/problemstillingar som saka her reiser.

Småkraft – overføring av vatn frå Storlitjørna via Kvednavatn for utnytting i Nordåna kraftverk og Dalaåna kraftverk – Nordåna kraftverk og Dalaåna kraftverk gir samla årsproduksjon på 45,9 GWh.

Forsand kommune v/Forsand Elverk – overføring av vatn frå Kvednavatn via Storlitjørna til Skurvedalen for utnytting i Songesand kraftverk – Songesand kraftverk gir årsproduksjon på 42 GWh.

Småkraft/eventuelt revidert samarbeidsprosjekt med Forsand kommune – utnytting av Skurvedalen i eit revidert prosjekt som gir 27 GWh i årsproduksjon.

Ein viser elles til vedlagte dokument til saka som gir meir detaljert informasjon om dei ulike prosjekta. Det vert så innleiingsvis vist til vedlagt brev frå Småkraft der dei kjem med invitasjon til samarbeid med Forsand kommune om eit revidert utbyggingsprosjekt i Skurvedalen som nemnt ovafor som kan gi om lag 27 GWh i årsproduksjon – dette saman med Nordåna og Dalaåna kan utløyse opp mot 80 GWh i samla årsproduksjon.

Andre moment for seinare vurderingar er følgjande:

- prosjekta er på ulike stadi i prosessen der Nordåna/Dalaåna er konsesjonssøkt til NVE og er lagt ut i høyringsprosess, og der Forsand kommune/Forsand Elverk er i meldingsfase, det vil seie at det står føre eitt konsekvensutgreiingsarbeid fram til hausten 2014 før det kan søkjast om konsesjon
- i og med at NVE skal ta stilling til prosjekta samla, ser Småkraft ein risiko for at NVE kan bruke så lang tid på avklaringar at alle kraftprosjekta ryk i forhold til grøne sertifikat (må vere på nett innan 2020)
- i og med at både småkraft og kommunen legg til grunn utnytting av vatnet frå Kvednavatn og Storlitjørna er prosjekta i openberr konflikt og der NVE må ta stilling til kva veg dette vatnet får best samfunnsnytte gjennom kraftproduksjon – småkraft påpeikar for sin del at skulle NVE falle ned på kommunen sitt prosjekt ville dei vanskeleg kunne forsvare å gå vidare med planane for Nordåna/Dalaåna kraftverk
- det er i denne situasjonen, at småkraft inviterer til eit samarbeid om eit revidert forslag til utbygging i Skurvedalen (27 GWh), at kommunen trekke sitt nåverande forslag, og at det vert sett full trykk for Nordåna/Dalaåna-prosjektet – småkraft viser til at ein ved slikt samarbeid kan få til eit samla godt resultat med ein kraftmengde på opp mot 80 GWh samt ei god utnytting for alle fallrettshavarar i område

Rådmannen har saman med Forsand Elverk bedd konsulentfirmaet som har gjeve tilbod om å konsekvensutgreia kommunen sitt prosjekt, koma med sine vurderingar knytt til problemstillingane vi står oppi. Kommentrarane deira er venta i slutten av veka, og vil bli ettersendt kommunestyret så snart dei ligg føre.

Oppsummering så langt:

Rådmannen ser for seg to alternative utfall av invitasjonen frå småkraft:

- a) Forsand kommune held fast på sitt opphavlege prosjekt for utbygging i Skurvedalen og går vidare med konsekvensutgreiing og førebuing av konsesjonssøknad.
- b) Forsand kommune takkar ja til samarbeidsopplegget med småkraft as, samt stansar vidare arbeid med konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad for prosjektet. Vidare sluttar seg til at det vert innlevert revidert søknad om konsesjon for Skurvedalen jf. Skisse frå småkraft as.

Rådmannen vil koma tilbake til konkret tilråding når uttalen frå konsulentfirmaet ligg føre. Denne vil verta ettersendt kommunestyret.

Saka vert med dette sendt kommunestyret.

Forsand, 29.01.2014

Søren Jensen
Rådmann

Årstein Løland
Plan- og utviklingssjef